

# Årsmelding for året 2015



## Styret

Styret i rideklubben har bestått av:

**Leiar:** Edle Holmin  
**Nestleiar:** Linn Wangen Mork  
**Kasserar:** Gro Anita Bjørkedal  
**Sekretær:** Rakel Aasen  
**Styremedlem:** Karin Vatnehol  
**Styremedlem:** Andreas Eikrem  
**Vara:** Mukta-Sofie Midtflø

Styret har i alt hatt 10 styremøter i 2015.

Vi har ikkje hatt ei aktivitetsgruppe dette året, så styret har teke seg av desse sakene også.

Vi har hatt totalt 45 medlemmer i løpet av året, der 22 av dei er medlemmar under 16 år. 14 medlemmar har betalt baneleige.

## Søknad Volda kommune

I år har mykje av tida til styret gått med til søknad til Volda kommune om driftstilskot og vegtilkomst. Då vi starta med planar om ridehall, såg vi at vi ikkje ville klare dette om leiga vår auka til 50 000 kr i året i tillegg til utgifter til ny veg, som kontrakten med grunneigar krev. Til hausten fekk endeleg klubben gladmeldinga frå kommunestyret om at kommunen vil ta på seg å betale den venta auken i områdeleige som inntre frå 2019. Det vil seie at VRK skal halde fram å betale same leigesum som i dag resten av leigeperioden på kring 40 år. Volda kommunestyre sa også i sitt vedtak at kommunen vil vurdere å byggje og drifte den planlagde nye vegen ned til ridebaneområdet. Dette vert å kome attende til i budsjettarbeidet som vert lagt fram til politisk handsaming

Dette gir klubben betre økonomisk spelerom, og gir oss eit betre utgangspunkt for å kunne betale ned lånet vi har på ridebana, samt at det gir ei opning for å tenkje ridehall på sikt.

## Open dag og show



28. mai hadde vi open dag på ridebana. NRYF feira 100 år i år. I den forbindelse fekk vi støtte til at alle aktivitetane var gratis. Vi hadde mange aktivitetar for dei yngste, som junior-gymkhana, strigling og kos

med hest, barnekøyring og hesteskasting. I tillegg var kiosken open. Der var mange som møtte opp, og barna fekk ri og køyre mange runder.



Klissvått haustshow: Søndag 25. oktober arrangerte vi haustshow på ridebana. Sjølv om vi var veldig uheldige med veret, var dei som møtte opp fornøgde med dagen. Vi viste fram sprangkvadrilje, raseframvisning og voltige. I tillegg fekk barna ri junior-gymkhana, barneriding og strigle og kose med hestar.

## Dugnader



I år har vi fått malt store delar av gjerdet rundt ridebana. Vi har fått nokre store hjullastardekk som vi har planar om å lage permanente maratonhinder av ved bana. Vi fekk også på plass meir grus og gummiraspe etter sponsoringar frå Sparebank Møre.

Vi prøvde oss på kakesalg frå Nordkak i år som gav fin inntekt til klubben.

## Kurs og anna

Det har vore faste treningar for Silvia Førde om lag ein gong i veka gjennom året med mange deltakarar. Vi har også hatt trening for Matilde Brogge og køyrekurs for Gunnar Bruland i samarbeid med Ørsta ride- og køyreklubb.

### *Juniorkurs*



Vi har arrangert i alt 2 ridekurs i år. Mange av deltakarane har vore på fleire av kurs i det siste og utvikla seg mykje. På siste kurset arrangerte vi også ein staldag som var stor suksess. Det var kjekt for ungane å sjå korleis hestane har det til vanleg. Vi fekk også til ein staldag for juniorane i desember med peppekaker og kakao.

### *Rjånes Ungdomssenter*

Det siste året har klubben vore med på 2 leirar frå Rjånes. Vi har begge gongane møtt opp med 2 hestar på leiren på Rjånes, noko som har fungert veldig fint. Vi er veldig glade for dette samarbeidet.

### *Frivilligsentralen og andre*

Vi har vorte hyra inn av Frivilligsentralen i Volda kommune til to arrangement i sommar med barneriding. I tillegg vart vi leigt inn av Volda næringsforum til barneriding og -køyring i sentrum.

### *Trivselsleiarar*

Vi har tilbod om gratis stalldag for trivselsleiarane. Vi har ikkje fått noko førespurnad på dette i år.

### **Stemner og resultat**

I år har vi arrangert to stemner i dressur og sprang (både interne, utvida og d-stemne), som har gitt gode inntekter.

Det var fleire deltakarar frå Volda på Fjordhest NM i år, som vart arrangert på Stavsplassen i Tretten.



Randi Mork med fjordingen Odin kom på ein 4. plass samalagt i junior NM. Ho debuterte også i klassa knøttecup med feltritt og kom på ein 3. plass der.

Ida Standal rir for Eid ride- og køyreklubb, men også er medlem i Volda rideklubb. Ho kom på 9. plass i grenmesterskapet i dressur, etter å ha kvalifisert seg til a-finalen. Ho var også med på laget til Eid som kom på ein 4. plass.

Isabell Øye rir i år for Volda rideklubb og fekk ein 2 plass av ti startande i dressurriding LA4. Ho kørde også godkjent i maraton.

Liv Jorunn Nyhagen reiste til Sverige i år og representerte Noreg under nordisk, med ein 4.plass i sprang som beste resultat. 5. plass samanlagt allround. Pokemann vart også vestlandsmeister i MB dressur, og kretsmeister for senior i S&F (sølv for lag) og vinnar av MB-dressurcupen i S&F.

### **Kleskolleksjon**



I år har vi endeleg fått på plass ein kleskolleksjon som vi har snakka så lenge om. Vi har fått på plass fire sponsorar og trykt opp jakker, genserar, t-skjorter og refleksvestar med både vår logo og sponsorane sine logar på. Mange av medlemmane har sikra seg kle til ein billig penge.

## 17. mai



I år gjekk Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann og Edle Holmin/Linka fremst i toget. Like bak gjekk Magne Holmin, Bjørg Holmin, Fanny Holmin og Vegard Holmin Rødset og passa på at det ikkje vart liggande igjen hestemøkk i toget.

## Sponsorar

Vi har vore heldig å fått på plass mange sponsorkontrakter i år, med blant anna Kragset eigedomsmecling, Rotevatn trafikkskole, Aurstad, Mesterhus, Volda maskin, Sparebank Søre Sunnmøre og Ulstein. Dei har fått forskjellige gjenytingar som logo på nettsida og logo på klubbkle.

*Skrive av leiar Edle Holmin*